# ÅRSMELDING 1990

Dei som har sete i hovudstyret i år er: Formann Tor Arne Bringsvor, Nestformann: Reidar Baade. Kasserar: Svein Helge Bringsvor. **Sekretær**: Irene Baade. Styremedlem: Astrid S. Vågen og formann i fotballstyre Petter Sande.

Vi har hatt 6 Styremøte i år og den største saka har vore klubbhuset. Det er no oppkome, og vi må her få lov til å takke alle som har stilt opp på dugnad, utan dere hadde dette vore ugjennomførlig.

I år har vi prøvd å arrangere bingokveldar uten at dette har vorte den heilt store sukses.

Tombolaen gav i år også eit flott resultat og vi vil takke alle som støtta oss med gevinstar og loddkjøp.

Sandsøycupen gjekk av stabelen den 21-22 april, og der var det Sandsøy som gjekk av med sigeren.

Ogsa i år har Miniputtane vist stor speleglede sjølv om dei har tapt alle kampane. Hald fram slik vi er stolte av dere. Medlemstalet i år er 150 stk. 72 Vaksne og 78 Born. Det er 12 medlemar meir enn i fjor og 61 meir enn i 1988 og det synest vi er flott.

Også i år har vi hatt Trimbøker rundt om kring på øyane og dei viser at vi har mange små og store trimmarar, og i kveld skal vi få vite kven dei heldige vinnarane av årets trim blir.

I.B.